



Prestar og sokneråd i Stavanger
bispedømme

Dato: 15.04.2021

Vår ref: 20/01257-12

Dykkar ref:

Generell dispensasjon for gudstenester utanfor lokal grunnordning

Takk for arbeidet kyrkjelydane gjer med justert grunnordning.

Nokre kyrkjelydar har fått godkjent si lokale grunnordning. Andre venter på svar og fleire har fått utsett fristen.

Biskopen har nå fått eit godt bilete av situasjonen i bispedømmet. Kyrkjelydane finn i stor grad justeringar innafor Kyrkjemøtet sine oppdaterte ordningar.

Biskopen har snart også tilstrekkeleg grunnlag for å finna fram til passande løysingar for dispensasjonar når det gjeld liturgisk musikk. Kyrkjelydane vil få svar på dette enkeltvis, i svaret på eigen søknad. Biskopen er generelt positivt innstilt til å gje dispensasjon for alternativ musikk når kyrkjelyden ønsker det.

Fleire kyrkjelydar har tradisjonar for nokre gudstenester utanfor den mest brukte lokale grunnordninga i løpet av året. Dette kan vera gudstenester for små og store, gudstenester knytte til kulturarrangement eller G2-gudstenester av ulike slag. Det kan vera utfordrande å tilpassa desse heilt til dei ordinære rammene for hovudgudstenester.

Biskopen ser det derfor som tenleg å gje kyrkjelydane ein generell dispensasjon frå rammene for lokal grunnordning, opp til sju gongar i året til saman, med maksimalt fem slike gudstenester kvart semester. Kyrkjelyden kan då nytta andre gudstenesteordningar, også på forordna gudstenester, utan å søka dispensasjon.

Slike gudstenester bør likevel nytta så mykje av dei vanlege ledda i kyrkjelyden si grunnordning som mogleg, slik at dei som tek del blir kjende med desse.

Det er naturleg at soknerådet avgjer i kva grad ein skal leggja opp til gudstenester utanfor lokal grunnordning som hovudgudsteneste. For gudstenester som ikkje er kyrkjelyden si forordna hovudgudsteneste, står kyrkjelyden som før fritt til å velja ulike gudstenesteordningar. Soknepresten har ansvar for å sikra at alternative ordningar er teologisk forsvarlege og fungerer godt liturgisk.

Kyrkjemusikaren har leiaransvar i det musikalske arbeidet i kyrkjelyden, innafor soknerådet sine planar og kyrkja sine ordningar generelt.

Prosten bør vera godt orientert om praksisen i kyrkjelydane og kan drøfta prinsipielle spørsmål med biskopen, som igjen kan gje vegleiing ved behov. Det vil også ofte vera

tenleg at kyrkjelydar koordinerer seg godt, slik at nabokyrkjelydar kan utfylla kvarandre viss nokre gudstenester i form eller innhald rettar seg mot spesielle målgrupper.

Ved nattverd i forordna gudstenester skal det nyttast ein godkjent liturgi frå siste gudstenestebok, med mindre ein har fått særskilt godkjenning for noko anna etter søknad. Alle forordna gudstenester skal også innehalda nådehelsing, tekstlesing frå Bibelen, truvedkjenning eller ei trinitarisk salme, forkynning, felles bøn og velsigning.

Kyrie og gloria bør vera med også i spesialgudstenester innafor denne dispensasjonen, men kan utelatast i særskilte høve, viss kyrkjelyden får gje uttrykk for innhaldet i desse ledda på ein annan måte i gudstenesta.

Justeringa av grunnordninga for hovudgudstenesta gjev kyrkjelydane høve til å samla seg om positive og viktige fellestrekk ved gudstenestefeiring i Den norske kyrkja og det globale kyrkjefellesskapet. Med denne dispensasjonen håpar me kyrkjelydane også finn rom for å ta vare på viktige lokale tradisjonar og behovet for tilpassing ved særskilte høve.

Guds signing over gudstenestelivet i kyrkjelydane i Stavanger bispedømme.

Med helsing

Anne Lise Ådnøy
biskop

Geir Skårland
avdelingsleiar kyrkjelydsutvikling

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stavanger bispedømmeråd, Prost i Ytre Stavanger prosti - Tor Magne Nesvik	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Prost i Dalane prosti - Kåre Mjølhus		
Prost i Tungenes prosti - Tomas Mjelde Røsbak		
Prost i Ryfylke prosti - Sigrid Sigmundstad		
Domprost i Stavanger domprosti - Stefan Emmerhoff		
Prost i Sandnes prosti - Ludvig Bjerkreim		
Prost i Jæren prosti - Lars Sigurd Tjelle	Erlandsbakken 6	4340 BRYNE
Prost i Haugaland prosti - Rune Steensnæs Engedal	Postboks 612	5501 HAUGESUND
Prost i Karmøy prosti - Ove Sjursen	Postboks 167	4291 Kopervik
Prestar og sokneråd i Stavanger bispedømme		